

Arkiv: <arkivID><jpID> FE-034
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 17.09.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
087/20	Alver formannskap	24.09.2020
	Alver kommunestyre	

Endring av reglement for politisk styringsstruktur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reglement for politisk styringsstruktur blir endra på dei punkt som er lagt fram i saka.

Alver formannskap 24.09.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO- 087/20 Vedtak:

Reglement for politisk styringsstruktur blir endra på dei punkt som er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjera i kommunestyret

Kva saka gjeld

Reglement for politisk styringsstruktur blei vedtatt i kommunestyremøte 17.10.20 (Sak 03/19), og i kommunestyremøte 20.02.20 (Sak 15/20) blei det gjort nokre endringar og presiseringar. I samråd med politisk leiing blir det lagt fram ei ny sak med forslag til å presisere følgjande punkt i reglement for politisk styringsstruktur:

- Fjernmøter
- Presisering av ansvarsområde og mynde for utval for areal, plan og miljø (APM)

Bakgrunn og saksopplysningar

1)Fjernmøter

Det er behov for å vurdere muligheten for å bruke fjernmøter i politiske møter.

Koronasituasjonen har vist at det kan vere naudsynt å kunne gjennomføre fjernmøter. I vedtatt reglement for politisk styringsstruktur står det følgjande om fjernmøter:

Møteprinsippet

Kommunestyret og dei andre folkevalte organ skal sakshandsame og treffe vedtak i lovleg innkalla møter, jf. kommunelova § 11-2. Deltakarane skal vere normalt vera fysisk til stade. Folkevalde organ kan unntaksvis sjølv gjera vedtak om å halde fjernmøte jf. kommunelova § 11-7.

Det er kommunelova § 11-7 som regulerer kommunen sin mulighet til å halde fjernmøter. § 11-7 seier følgjande:

Kommunestyret og fylkestinget kan selv beslutte at folkevalgte organer i kommunen eller fylkeskommunen skal ha adgang til å holde møter som fjernmøte.

Fjernmøte innebærer at deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de via tekniske hjelpemidler likevel kan se, høre og kommunisere med hverandre. Kravene som ellers gjelder for møter, gjelder også for fjernmøter.

Et møte som skal lukkes etter § 11-5 andre ledd, kan ikke holdes som fjernmøte.

Departementet kan gi forskrift om krav til gjennomføring av fjernmøter, unntak fra kravet i andre ledd om at møtedeltakerne skal se hverandre og unntak fra tredje ledd.

2) Presisering av ansvarsområde og mynde for utval for areal, plan og miljø (APM)

I arbeidet med kommunen sin arealforvaltning og klagehandsaming har ein sett behov for å presisere kva mynde utval for areal, plan og miljø (APM) har til å treffe vedtak på enkelte saksområde, og til å handsame klager etter konkret lovverk. I vedtatt reglement for politisk styringsstruktur har APM definert følgjande ramme for sitt arbeid:

REGLEMENTFOR UTVAL FOR AREAL, PLAN OG MILJØ

Utvalet har normalt møta frå kl. 09:00.

Val og samansetjing

Utvalet skal ha 9 medlemmer med varamedlemmer, alle valde av kommunestyret. Medlemmene skal vera medlem av kommunestyret, medan varamedlemmene kan vera vararepresentant til kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

Utvalet skal koma med innstilling til kommunestyret innanfor følgjande saksområde:

- Kommuneplanar
- Arealplan
- Byggjesaker
- Kart / oppmåling
- Landbruk / skogbruk
- Fiske / jakt / vilt
- Natur / miljø
- Trafikksikring

Utvalet gjer vedtak innanfor følgjande saksområde, med unntak av saker som etter lova skal handsamast av kommunestyret eller saker av særleg strategisk karakter:

- Saker etter konsesjonslova
- Saker etter plan- og bygningslova
- Saker etter jord- og skoglova
- Saker etter viltlov og innlandsfiskelov

Utvalet er styringsgruppe for fag- og kommunedelplanar innafor ansvarsområdet

Vurdering

1) Fjernmøter

Kommunelova opnar for at folkevalde organ kan halde fjernmøter, og i samband med koronasituasjonen har Alver kommune i ein periode halde fjernmøter. Grunnlaget for fjernmøter i samband med korona blei lagt til rette for gjennom ein midlertidig forskrift. Denne forskriften gjekk ut 01.08.20.

Hovudregelen er framleis at deltakarar i politiske møter skal vere fysisk til stades, men det er behov for å ha eit større handlingsrom til å ha fjernmøter når det er naudsynt. I framlegg til endring er det foreslått at leiar for dei ulike utvala kan avgjere om det er naudsynt til å gjennomføre fjernmøte.

Framlegg til ny tekst i politisk styringsstruktur:

Møteprinsippet:

- Kommunestyret og dei andre folkevalte organ skal sakhandsame og treffe vedtak i lovleg innkalla møter, jf. kommunelova § 11-2. Deltakarane skal som hovudregel vera fysisk til stades.

Fjernmøter (nytt punkt)

- Kommunestyret kan sjølv ta avgjerd om folkevalte organer i kommunen skal ha adgang til å halde møter som fjernmøte, jfr. Kommunelova § 11-7. Folkevalde organ i Alver kommune har høve til å halde fjernmøte når det er naudsynt, det er leiar for dei ulike politiske organa som avgjer om det er naudsynt å gjennomføre fjernmøte.

2) Presisering av ansvarsområde og mynde for utval for areal, plan og miljø (APM)

Utforminga av gjeldande politisk styringsstruktur er ikkje tydeleg nok på kva type saker der utvalet er vedtaksmynde og der utvalet skal gje si innstilling til kommunestyret. Det har og vore ulik praksis i dei 3 kommunane frå tidlegare, som gjer at det er ulike forventningar til korleis saksgangen skal gå. Dette gjeld i hovudsak handsaming av reguleringsplanar.

Rådmannen foreslår at det vert tydeleggjort i reglementet der det er utvalet som har mynde, jf. kulepunktene under.

Når det gjeld klagesaker er det ikkje omtalt i reglementet. Rådmannen foreslår at det vert lagt inn eit nytt punkt som omhandlar klagesaker, der det og vert presistert at reglementet gjeld framfor tidlegare vedtatte særreglar om delegering, som t.d. områdeplanen for Knarvik har.

Dei klagesakene som er lista opp med unntak, er saker som i stor grad er lovstyrt og der det er lite politisk handlingsrom i samband med handsaming av klagen.

Framlegg til ny tekst i politisk styringsstruktur:

REGLEMENTFOR UTVÅLET FOR AREAL, PLAN OG MILJØ

Utvålet har normalt møta frå kl. 09:00.

Val og samansetjing

Utvålet skal ha 9 medlemmer med varamedlemmer, alle valde av kommunestyret.

Medlemmene skal vera medlem av kommunestyret, medan varamedlemmene kan vera vararepresentant til kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

Utvålet skal, så langt det er relevant, fylgja dei retningslinene som gjeld for kommunestyret, jf. reglement for kommunestyret. Utvålet skal koma med innstilling til kommunestyret innanfor følgjande saksområde:

Kommuneplanar

Arealplan

Landbruk / skogbruk

Fiske / jakt / vilt

Natur / miljø

Trafikksikring

Utvålet er styringsgruppe for fag- og kommunedelplanar innafor ansvarsområdet.

Utvalet gjer vedtak innanfor følgjande saksområde, med unntak av saker som etter lova skal handsamast av kommunestyret eller saker av særleg strategisk karakter:

Saker etter konsesjonslova

Saker etter jord-og skoglova

Saker etter viltlov og innlandsfiskelov

Saker etter plan-og bygningslova:

- Gjere vedtak om mellombels forbod mot tiltak etter § 13-1 og § 13-3
- Sende framlegg til planprogram for reguleringsplanar med vesentlege verknader ut på høyring etter § 12-9
- Behandle framlegg til reguleringsplan etter § 12-10
- Behandle framlegg til private reguleringsplanar etter § 12-11
- Godkjenne mindre reguleringsplanar etter § 12-12 andre ledd
- Godkjenne mindre endringar eller vedta utfyllingar i reguleringsplan etter § 12-14. Endringar som ikkje er av prinsipiell karakter er delegert til rådmannen.
- Sende søknad om tiltak eller planframlegg med konsekvensutgreiing ut på høyring etter § 14-2

Klagehandsaming

Utvalet skal handsame klager på enkeltvedtak innanfor utvalet sitt saksområde, med unntak av:

- Klage på vedtak om avvist søknad eller avvist klage
- Klager på gebyr eller klage på avslag på søknad om redusert gebyr etter gebyrforskrift
- Klage på vedtak om sakskostnader
- Klage på vedtak etter kapittel 32 i plan- og bygningslova

I plansaker skal klagen handsamast av utvalet der vedtaket er fatta

Reglementet gjeld framfor tidlegare vedtatte særreglar om delegering.

Vedlegg:

- Politisk sak om endring og presisering av politisk styringsstruktur – vedtatt 20.02.20 (sak 15/20)

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfdocument.ashx?journalpostid=2020004568&dokid=1344332&versjon=15&variant=A&

Vedlegg i saken:

17.09.2020 Politisk styringsstruktur og reglement - Vedteke i
kommunestyret 17.10.2019

1446866